

Gjøvikregionmodellen – regional strategi for framtidens bumiljø og lokalsamfunn (Connected Living)

Samarbeidsforum

Referat frå møte 25.01.2018 kl. 13.30 – 14.30

Til stades:

Astrid Stadheim (NTNU), Heidi Viifladdt (NTNU), Tom Søgård (GOBB), Per Rognerud (Gjøvik), Wibeke Børresen Gropen (OFK), Asbjørn Lund (FM) på skype og Nils Hesthagen (GU)

Meldt forfall:

Helge Nakken (Backe Oppland), Aslaug Dæhlen (Ø Toten) og Kai Henning Glæserud (GU)

Saker:

1. Oppfølging av Gjøvikregionmodellen

Møtet kom i stand for å drøfte oppfølging av Gjøvikregionmodellen (Connected Living), jf. referat frå styringsgruppa 21.12.17 og sluttrapport for prosjektet. Møtet kom fram til at det bør etablerast ei oppfølgingsgruppe som eit samarbeidsforum.

2. Mandat for samarbeidsforumet

Visjonen i Gjøvikregionmodellen er at «kommunane i Gjøvikregionen skal vera føregangskommunar gjennom god samfunnsplanlegging og utvikling av gode bumiljø der folk er sjølvhjelpne.» Kommunestyra har hausten 2017 gjort vedtak om å slutte seg til den regionale strategien, og dermed er det lagt eit grunnlag for å realisere visjonen.

Prosjektperioda vart avslutta ved utgangen av 2017. Deretter går prosjektet over frå å vera ein pilot til å bli ein del av drifta i kvar enkelt kommune. Samarbeidsforum skal bidra med oppfølging av Connected Living-konseptet i framtidige prosjekt i regionen, og kome med innspel og vera diskusjonspartnar for kommunane om nye løysingar for bolig- og lokalsamfunnsutviklinga. Regional strategi, sluttrapporten m.m. vil elles vera viktig grunnlag for arbeidet i samarbeidsforum.

Samarbeidsforum vil bestå av representantar for næringsliv, forskning, kommunar og regionale styresmakter. Private utbyggjarar og planleggjarar saman med kommunale saksbehandlarar er peikt på som særskilt sentrale. Forumet vil sjølv konstituere seg og finansiere aktiviteten sin.

3. Samansetjing av samarbeidsforumet

Møtet foreslo følgjande instansar i samarbeidsforumet:

- Næringslivet: Tom Sjøgaard (GOBB) og Jan Arne Frydenlund (JAF).
- Forskinga: Eskil Narum Bakken, NTNU avd. Gjøvik
- Fylkesmannen: Sissel Tørud
- Fylkeskommunen: Wibeke Børresen Gropen/ Ane Bjørnsgaard/Gunhild Haugom
- Kommunane: Lars Engelién (Gjøvik)

4. Eventuelt

Nils Hesthagen er engasjert ut januar 2018. Han lova å sørge for innkalling og deltaking i det fyrste møte i samarbeidsforumet. Det blir teke sikte på eit møte i løpet av februar.

31.01.18 NH